

HANDLINGSPLAN MOT MOBBEÅTFERD I BARNEHAGANE




PLAN FOR Å SIKRE
BARNA I SYKKYLVEN
EIT GODT
PSYKOSOSIALT MILJØ
2018-2022

INNHALD

Innleiing	2
Krav til barnehagen	3
Målsetjing	4
Kva er mobbing?	4
Kven mobbar – kven vert mobba?	5
Ulike former for mobbing	5
Foreldra si rolle	6
Personalet si rolle	7
Konflikt/krangling eller mobbeåtferd?	7
Barnehagane skal førebygge mobbeåtferd	8
Barnehagane skal avdekke mobbeåtferd	10
Barnehagane skal stoppe og følgje opp mobbeåtferd	11
Barnehagane skal evaluere sitt arbeid mot mobbeåtferd	11
Samarbeid med foreldre/føresette	12
Avslutning	13
Referanseliste	14
Skjema «Forpliktande tiltaksplan»	15
Skjema «Referat frå møte»	16
Sjekkliste «Forholdet mellom barn/vaksne»	17
Sjekkliste «Psykososialt miljø i barnehagen»	18





INNLEIING

Tradisjonelt har temaet mobbing i barnehagen blitt lite påakta, og det er eit relativt nytt tema både i den offentlege debatten og blant personalet i barnehagen. Det herskande synet har vore at dei minste barna er for små til å mobbe og at temaet dermed ikkje har vore relevant for barnehagane. Mange er skeptiske mot å nytte omgrepet mobbing når det gjeld små barn sine negative handlingar. Men dei siste åra har emnet fått stadig større merksemd, og nyare forskning slår fast at mobbing også finn stad i barnehagane. Rett nok er det ikkje slik at dei minste barna nødvendigvis har eit bevisst motiv for sine handlingar, eller er klar over at det dei gjer får negative konsekvensar for andre. Det er vanskeleg å ta innover seg at barnehagebarn, som vi gjerne ser på som små og uskuldege, med viten og vilje kan vere i stand til å påføre andre barn fysisk eller psykisk smerte. Det er difor hensiktsmessig ha ein litt annan innfallsvinkel til omgrepet mobbing når det gjeld barnehagebarn, samanlikna med skulebarn. Ofte kan omgrepet «begynnande mobbeåttferd» vere meir dekkande. Det er snakk om handlingar som verkar krenkande på den det går utover.

I dag fins det ingen felles definisjon av omgrepet mobbing som gjeld både for barnehage og skule (sjå kapittelet «Kva er mobbing?», side 4). I Sykkylven meiner vi difor at omgrepet mobbeåttferd er meir dekkande for barnehagane. Dette er negative handlingsmønster som kan utvikle seg til tradisjonell mobbing dersom barna ikkje får hjelp til å endre/justere sine handlemåtar. Dette utelukkar sjølvstundt ikkje at mobbing, slik det oftast vert definert i skulen, også finn stad i barnehagen. Men ved å nytte omgrepet mobbeåttferd i større grad, ønskjer vi å klargjere dei vaksne sitt ansvar for å gripe inn tidleg. Terskelen for å setje i verk tiltak skal vere lav. Det vil vere svært uheldig dersom personalet ikkje grip inn og handlar, fordi dei er usikre på om situasjonen kvalifiserer til mobbing.

Omgrepet mobbing i barnehagen vert nytta både i den nye rammeplanen, i nasjonale strategiar, i forskingsrapportar etc. Difor nyttar vi omgrepet også i denne planen, parallelt med omgrepet mobbeåttferd. For begge omgrepa legg vi fylgjande definisjon til grunn:

- **Handlingar frå barn og/eller vaksne som krenker barnet si oppleving av å høyre til og vere ein verdifull person for fellesskapet. Handlinga vert gjenteken ein eller fleire gongar, og er retta mot eitt enkelt barn.**

Det er barnet si **oppleving** av å bli utestengt i leik, av å bli plaga eller av å bli utsett for krenkande ord/handlingar som må takast på alvor. Dette gjeld uavhengig av om vi kallar det mobbing eller ikkje.

Barnehagane har i liten grad utvikla strategiar for å motarbeide mobbåtferd. Rett nok har det vore ein sterk tradisjon for å arbeide med relasjonar og sosial kompetanse, noko som er eit svært viktig førebyggjande tiltak. Men det har vore langt mindre fokus på å observere, avdekke, stoppe og følgje opp mobbing/mobbeåtferd.

Barn sine opplevingar i barnehagen er først og fremst viktig for barnet her og no. Samtidig er erfaringane frå barnehagen viktig for barnet sitt vidare liv, og det kan vere avgjerande for fullføring av skulegang. Forsking viser at det truleg er samheng mellom mobbing i barnehagen og fråfall i vidaregåande opplæring. Vi kjenner til kva for alvorlege skadeverknader mobbing kan føre til: Depresjon, ulike typar angst, dårleg sjølvbilette, skulevanskar etc. Også dei som utøver mobbing har stor risiko for negativ utvikling. Det er avgjerande å gripe inn så tidleg som mulig og difor må arbeidet starte allereie i barnehagealderen. Fastlåste åtferdsmønster kan vere vanskelege å bryte, og arbeidet kan difor bli svært ressurskrevjande seinare.



KRAV TIL BARNEHAGEN


Framleis er det mindre fokus på mobbing i barnehagen enn i skulen. Kapittel 9 a i opplæringslova stiller strenge lovfesta krav til skulen når elevar vert utsett for mobbing og krenkande ord/handlingar (aktivitetsplikt, dokumentasjonsplikt m.m.). Mobbing har altså blitt rettsleggjort gjennom opplæringslova ved at kapittel 9 a gir alle elevar ein individuell klagerett. Og det er den subjektive opplevinga til eleven som er avgjerande for om retten er oppfylt. Signal frå styresmaktene tyder på at det i framtida også kan bli stilt like strenge krav til barnehagane. Barnehagelova inneheld ikkje omgrepet mobbing, men er likevel klar på at barnehagen har ei omsorgsplikt overfor kvart enkelt barn. Derimot har mobbing kome inn som eit nytt element i den nye nasjonale rammeplanen som vart gjeldande frå hausten 2017:

- **«Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Om eit barn opplever å bli krenkt eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp»** (Rammeplanen)

Barnehagane er altså blitt pålagt å aktualisere temaet, og vert underlagt ei plikt og eit ansvar for å setje i verk prosedyrar når det gjeld å handtere krenking/mobbing. Bygging av kompetanse på dette området må lærast systematisk blant alle tilsette i barnehagen. Kollektiv forståing er ein nøkkelfaktor, og denne planen er eit verktøy for å oppnå det. Det vert difor stilt krav om at alle tilsette i barnehagane i Sykkylven gjer seg kjend med innhaldet i denne planen.

Motsetnaden til mobbeåtferd er inkludering, og denne verdien må speglast i dei vaksne sitt arbeid. Barn som ikkje vert forklart kvifor deira handlingar er uønska, og som ikkje får rettleiing i alternative positive handlingar, blir lett fanga i ein negativ sirkel.

MÅLSETJING



Målsetjinga er at barnehagane i Sykkylven skal sikre at alle barna opplever omsorg, tryggleik og inkludering. Det skal vere nulltoleranse for mobbeåttferd og krenkande handlingar.

KVA ER MOBBING?

Mobbing er eit komplekst fenomen som vert forstått og definert på ulike måtar. Det er to hovudtilnærmingar: Den individorienterte (personlege karaktertrekk) og den gruppeorienterte (system/sosiale prosessar). I forskingsssamanheng ser vi teikn til eit paradigmeskifte når det gjeld forståinga av kva mobbing kan vere – frå mobbing som individuell aggresjon til mobbing som eit sosialt og relasjonelt fenomen utløyst av samanhengne krefter (negative gruppeprosessar). Dette betyr at ein fjernar blikket frå det enkelte individ som berar av problemet, til dei samhengane som barnet er i. Sanninga ligg vel truleg i ein kombinasjon av desse to syna, slik at ein sansar problema i lys av både individ og system. Men i barnehagesamanheng er det ekstra viktig å forstå kompliserte gruppeprosessar. Framfor å identifisere enkeltindivid som skuldige sydebukkar eller uskuldelege mobbeoffer, må blikket rettast mot samspelet mellom barna, og dei kreftene som bidreg til å forme og påverke desse prosessane. Mobbing er eit vi-problem, ikkje deg-problem. Barnehagane skal ha ei tilnærming som fokuserer på dei bakanforliggande årsakene til mobbeåttferd. Når mobbing i stor grad er å betrakte som eit relasjonsproblem, framfor eit individuelt problem, krev det også at barnehagane finn relasjonelle løysingar.

Den sentrale definisjonen på mobbing, som også har fått gjennomslag internasjonalt, vart utvikla av psykologen Dan Olweus. Denne definisjonen slår fast at mobbing er ei *intensjonell* negativ handling, dvs at utøvaren gjer dette med vilje og er klar over at han sårar eller gjer den andre vondt. I tillegg seier definisjonen at handlinga må *gjentakast over tid* og at det er ein *ubalanse i styrkeforholdet* mellom den som mobbar og mobbeofferet. Ein slik definisjon er mykje nytta i skulen, men lite hensiktsmessig i barnehagesamanheng. Små barn har ikkje nødvendigvis ein klar intensjon om å krenke eller såre andre.

I vår definisjon av omgrepet mobbing/mobbeåttferd (sjå side 2) er hovudfokus flytta frå individuelle karakteristikk til inkluderings- og ekskluderingsprosessar. Negative handlingar og det å ikkje oppleve inkludering og sosial tilhørse står sentralt. Dette har også blitt ein del av den nye rammeplanen for barnehagar. Her vert søkjelyset retta mot leikeaktivitetar og det sosiale samspelet mellom barna. Barnehagepersonalet må ha kunnskap og bruke observasjon som verktøy for å avdekke og ta tak i begynnande mobbeåttferd. Mobbeåttferd handlar om å halde nokon utanfor. Dersom det i tillegg dreier seg om ubalanse i maktforholdet mellom barna, og det oppstår eit mønster der handlingane vert gjentatt mot det same barnet, så er det særleg alvorleg.

Det er viktig å understreke at opplevinga av mobbing er *subjektiv*, uansett korleis ein definerer omgrepet. Kva barn opplever som krenkande kan vere svært forskjellig, fordi dei har ulike erfaringar og ulike sårbarheiter. Såleis er det barnet som til sjuande og sist har definisjonsmakta. Og alle har rett til å bli høyrte. Vi veit at det kan få alvorlege følgjer seinare i livet, både for dei som føler seg mobba og dei som utfører mobbeåtferd, dersom vaksne ikkje grip inn ved negative og krenkande handlingar.

«I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for» (Rammeplanen)

KVEN MOBBAR – KVEN VERT MOBBA?

Forskning syner at det som regel ikkje er nokon spesielle ytre kjenneteikn på dei som mobbar eller vert mobba. Det er litt fleire gutar enn jenter som mobbar, medan dei som vert utsett for mobbing er likt fordelt mellom kjønna. Barn som er i risikosona for å bli utsett for mobbing er ofte sensitive, inneslutta og meir engstelege. Forskning viser at dei barna som er stille og tilbaketrekte (definert som innagerande åtferd) er dei barna som lettast vert offer for mobbeåtferd. Desse barna har gjerne eit svakare sjølvbilete enn normalt og lågare sosial status. Barn med innvandrarbakgrunn er ekstra utsett, likeeins dei som er «annleis» på eit eller anna vis. Arbeidet med mangfald og gjensidig respekt er difor særskilt viktig (jf. Rammeplanen).

Dei som tenderer til å utføre mobbeåtferd har gjerne høg sosial status blant venner, dei søker «makt» og posisjon (jenter) og er ofte fysisk sterkare enn sine jamaldringar (gutar). Dessutan kan ein ofte sjå samanheng med negative heimeforhold.

«Personalet skal støtte barna i å ta andre sitt perspektiv, sjå ei sak frå fleire sider og reflektere over eigne og andre sine kjensler, opplevingar og meininger» (Rammeplanen)

Når barn kjenner seg utrygge, er einsame eller redde, kan dette gi ulike typar åtferd. Nokre barn vert stille og trekkjer seg tilbake frå dei sosiale situasjonane, mens andre lagar mykje uro kring seg. Det har altså vist seg at dei barna som trekkjer seg tilbake, også er dei barna som lettast vert offer for mobbeåtferd. Desse er også lette å «ta» fordi dei ikkje tek igjen, og heller ikkje seier ifrå til dei vaksne. I barnehagen er det difor viktig å utvikle ein kultur der «tilskodarane» erfarer at det er positivt å seie ifrå eller hente ein vaksen. For å utvikle ein slik kultur er det avgjerande at dei vaksne evnar å ta barna sine subjektive opplevingar på alvor. Det at barnegruppa passivt aksepterer dei negative handlingane resulterer i at mobbeåtferd kan fortsette. Det har også vist seg at barn som ser mobbing utan å gripe inn, kan føle seg skuldige og få dårleg samvit.

Mobbeåtferd gjer smerteleg vondt for den som vert mobba, men kan også vere svært øydeleggande for barna som mobbar, så vel som for dei som ser på.

ULIKE FORMER FOR MOBBIING

Fleire studiar viser at små barn kan utøve ulike former for mobbeåtferd, med ulik alvorsgrad. Mobbinga i barnehagen kan vere enten fysisk (t.d. kniping, spyting, biting, lugging, slag, spark), verbal (t.d. kalling, vondsinna erting, truslar) eller indirekte (t.d. utestenging frå leik, ekskluderande reglar, ignorering). Det er den indirekte mobbeåtferd som er vanskelegast å oppdage, fordi den ofte vert

utført ved hjelp av skjulte metodar. Studiar viser at den mest utbreidde forma for begynnande mobbeåttferd er utestenging frå leik og vennegruppe. I norske barnehagar har den frie leiken ein stor og sentral plass. Personalet skal vere merksame på at dette også er den arenaen der krenkande handlingar oftast skjer, gjerne når vaksne ikkje er observante. Barna som vert utsett for desse handlingane er totalt avhengig dei vaksne sine blikk og handlekraft. Frileik betyr difor ikkje «time out» for personalet, men snarare at dei skal følgje ekstra godt med, vere nærværande og eventuelt rettleie. Det kan vere at den guten eller jenta som sit åleine i sandkassa har blitt avvist av dei andre så mange gongar at han eller ho har «gitt opp». Det kan følast tryggare for eit barn å isolere seg, å bli usynleg, når det veit at risikoen er stor for å bli avvist eller ignorert i sosiale samanhengar. Dei vaksne bør forstå og sjå at negative mønster har fått utvikle seg i samspel mellom barn. Dei må forsøke å hjelpe barnet inn i leiken, i staden for å bagatellisere. Målet er å gi det forsiktige barnet nye meistringserfaringar.

FORELDRA SI ROLLE

Foreldra er dei viktigaste rollemodellane for barna. Ingen andre har større påverknadskraft overfor eit barn enn dei føresette, heller ikkje barnehagen. Difor er det heilt avgjerande å fokusere på foreldrerolla i arbeidet mot mobbeåttferd i barnehagen. Ikkje for å finne årsaker eller fordele skuld, men for å legge til rette for endring. Utan at foreldra vert bevisstgjort om sitt ansvar vil barnehagen aldri makte å løyse dei utfordringane som er knytt til mobbeåttferd. Foreldre er rollemodellar når det gjeld måten dei sjølve løyser konfliktar på, i måten dei behandlar andre på, i måten dei snakkar om andre på, og ikkje minst i sitt samspel med egne og andre sine barn.


Samtidig er det barnehagen sitt ansvar å orientere foreldra om korleis barnehagen jobbar mot mobbeåttferd. Foreldra skal kjenne til korleis barnehagen arbeider for å styrke verdiar som vennskap, fellesskap, toleranse og inkludering, slik at dette kan få fokus også heime. Handlingsplanen mot mobbeåttferd i barnehagen skal gjerast kjend for alle foreldre/føresette. Foreldra er ein stor ressurs i arbeidet mot mobbeåttferd, og utan god kjennskap til planen vert det vanskeleg for foreldra å følgje opp.



PERSONALET SI ROLLE

Eit barnehagemiljø prega av skjenn og irettesetjing i påsyn av andre, kan verke svært stigmatiserande for den som vert utsett. Like eins det å setje karakteristikkar på eit barn, til dømes som «sjenert». Dette vert lett fanga opp av barna, samtidig som det bygg opp under barnet sitt eige sjølvbilette som «annleis». Karakteristikkar vert sjølvforsterkande, og kan føre til ein praksis som understøttar den lave statusen som barnet har i barnegruppa. Såleis kan dei vaksne sjølve vere ein del av årsaka til at det oppstår negative handlingsmønster, og bidra til å forme og oppretthalde mobbeåtferd. Den vaksne kan altså bli ein medverkande aktør i det som barnet opplever som krenkande. Når mobbeåtferd og ekskludering er eit faktum, må barnehagen difor også leite etter årsaker i sin eigen praksis. Det kan vere at praksisen er med på å forsterke utestengingsmekanismer. Personalet skal aldri bortforklare eller bagatellisere ei negativ handling, til dømes ved å vise til veremåten til den som vert utsett for mobbeåtferd («ho er jo så sutrete», «han har godt av å bli litt tøffare»etc.).

Når mobbing skjer tenderer ein gjerne til å dele barna inn i dei «gode» og dei «onde». Det kan vere utfordrande for ein vaksen å vise varme overfor eit barn når ein er grunnleggande irritert fordi barnet stadig uroar. Når dei vaksne fokuserer på barnet sine *manglar* kan det føre til utilsikta konsekvensar. Den vaksne må ha evne til å sjå «bak» åtferda, vite at dette er eit uttrykk for ønsket om å kommunisere, ta ansvar for eigen irritasjon og gjere noko med den. Personalet skal reflektere over eigen veremåte. Samtidig er det menneskeleg at alle kan gjere feil, også vaksne. Ingen dagar er som regel like gode. Difor bør barnehagen utvikle ein hjelpekultur der kollegaer støttar kvarandre i staden for å påpeike alle feila. Relasjonar og samspel mellom dei vaksne har stor betydning for det psykososiale miljøet i barnehagen.



KONFLIKT/KRANGLING ELLER MOBBEÅTFERD?

Ein må vere klar over at mange barn i barnehagealder i liten grad har utvikla pro-sosiale strategiar (deling av leiker, sjølvregulering, tålmod, samarbeidsevner osv.). Aggressivitet blant barn er ein del av normalutviklinga. Barnehagebarn er difor relativt ofte involvert i negative handlingar sidan dei i stor grad manglar sosiale og emosjonelle reguleringssevner. Det er difor viktig at dei barnehagetilsette har kompetanse nok til å kunne avdekke mobbeåtferd, og skilje dette frå vanleg krangling eller konflikt. Grensene kan vere flytande. Når kjenneteikna viser at handlinga tenderer mot mobbeåtferd, må dei vaksne gripe inn slik at den negative utviklinga ikkje eskalerer. Men aggressivitet kan også vere eit sunt uttrykk for at noko er urettferdig. Barn som blir definert som «berre snille» bør tenne nokre varsellampar hos dei vaksne. Ingen skal berre vere snille. Dei skal protestere og ville noko sjølv, for i det heile teke å bli seg sjølv. Det er lov å vere sint, men ikkje å slå eller bite. Der er handlingane den vaksne skal ta avstand frå. Difor må den tilsette i barnehagen ha evne til å løfte fram alternative handlingar for det enkelte barn.

«Personalet skal rettleie barna dersom leiken medfører uheldige samspelsmønster» (Rammeplanen)

«Vanlege» konflikter og konfliktløsning må sjåast på som ein viktig og naudsynt del av sosialiseringprosessen. Barnehagen bør difor etablere ein kultur der konflikter vert sett på som ein naturleg del av barnehagen sitt liv. Erfaring med konflikter bidreg positivt til den sosiale utviklinga. Isolert sett kan altså ein vanleg konflikt mellom likeverdige partar, vere tilsynelatande lik mobbeåtferd. Det krev god kompetanse å skilje mellom mobbing og konflikt, og dei tilsette må prøve å observere og forstå om dette berre dreiar seg om ei umoden negativ handling, eller om det har begynt å bli ein del av eit gjentatt handlingsmønster. Barn som får øving i å løyse problem på ein konstruktiv måte, vil etter kvart lære korleis dette kan gjerast utan å respondere aggressivt. Gjenteke negative handlingar mot andre barn kan berre skje i eit barnehagemiljø som tolererer mobbeåtferd, og som har mislukkast i å lære bort gode sosiale ferdigheiter.

Barna bør også få mulighet til å forsøke å handtere konflikten sjølv. Dersom dei ikkje klarer dette på eiga hand, kan den vaksne bidra som meklar og støttespelar. Men i dei situasjonane der barnet vert utsett for mobbeåtferd skal det *alltid* få hjelp og støtte frå ein vaksen.

BARNEHAGANE SKAL FØREBYGGE MOBBEÅTFERD

Barnehagane i Sykkylven har gjennom mange år lagt ned ein stor og solid innsats gjennom sitt arbeid med relasjonsbygging, vennskap og sosial kompetanse. Dette er universelle tiltak retta mot alle barna i barnehagen. Det å ha fokus på barna sine positive handlingar og eigenskapar, og prøve å forsterke dette, er eit viktig førebyggjande tiltak med tanke på mobbeåtferd. Spørsmålet er om dette er tilstrekkeleg? Mykje tyder på at kunnskapsnivået må hevast både når det gjeld negative handlingsmønster generelt og mobbeåtferd spesielt. Å støtte positiv åtferd er ikkje tilstrekkeleg for å hindre negativ åtferd. Det er svært viktig å hjelpe barna til å utvikle eit godt sjølvbilete og ei god sjølvkjensle. Dette er god førebygging både opp mot dei barna som kan utvikle mobbeåtferd og for dei som kan bli utsett for mobbing. Rammefaktorane må leggest til rette slik at det enkelte barn opplever meistring. Barnehagane skal framleis ha fokus på utvikling av sosial kompetanse, der ein særleg legg vekt på at barna får gi uttrykk for eigne kjensler.

«Personalet skal sørge for at alle barn trivst, føler seg trygge og føler tilhørse i barnehagen» (Rammeplanen)

Den vaksne sitt ansvar i relasjonen til barn er sentralt i arbeidet mot mobbeåtferd i barnehagen. Grensesetjing, regulering og tydelege vaksne er vesentlege faktorar i dette arbeidet. Men *måten* den vaksne grip inn på er avgjerande. Vi har mykje forskning som understrekar viktigeita av *varme* og *tydelegheit* (det autoritative perspektiv). Barn som viser ei åtferd som ikkje kan akseptast må få hjelp til å forstå at denne åtferda er uakseptabel. Likevel må den vaksne ha ei grunnleggande haldning som viser at han anerkjenner barnet, slik at barnet har ei kjensle av å vere verdifull. Ein må vere tydeleg på at det er *handlinga* til barnet som ikkje vert respektert, ikkje barnet som person.

Det er *alltid* dei vaksne som har ansvar for relasjonane i barnehagen – alltid, utan unntak. Dette inneber til dømes at den vaksne tek ansvar for eigen irritasjon og gjer noko med den, sjølv om det kan vere utfordrande når eit barn stadig forstyrrar og skaper uro. Når den vaksne grip inn skal det vere gjennomtenkt, konsekvent og føreseieleg, slik at det vert tydeleg for barnet kva som er lov eller ikkje. Varm og tydeleg kommunikasjon er vesentleg. Eit barn skal kjenne seg trygg på at den vaksne bryr seg, og hjelper til dersom det trengs. Aksept og toleranse handlar om at vi møter barnet på ein ikkje-dømande måte.

«Personalet skal samtale om normer for samhandling og invitere barna til å utforme normer for samhandling i fellesskap» (Rammeplanen)

Det er også viktig å understreke kor viktig det er at dei vaksne er gode rollemodellar for barna. Barn vert påverka negativt dersom dei vaksne oppfører seg dårleg. Barn ser, høyrer og legg merke til meir enn dei vaksne kan vere klar over. Ein vaksen skal aldri snakke nedsetjande om andre personar i barna sitt nærvær.

Dette inneber at dei tilsette ved barnehagane i Sykkylven skal:

- Samtale med barna om mobbeåtferd og andre krenkingar, slik at dei forstår at barnehagen skal vere ein trygg og inkluderande stad.
- Lytte til barna, både til det verbale og ikkje-verbale (kroppsspråket). Dette er særleg viktig i møte med dei forsiktige/tilbaketrekte barna
- Gjere barna kjende med eigne og andre sine kjensler
- Lære barna prososial åtferd (dele med andre, hjelpe andre, vente på tur etc)
- Hjelp det enkelte barn til å utvikle eit godt sjølvbilete og ei god sjølvkjensle
- Lære barna å hevde seg sjølv og eigne meningar på ein god måte, slik at dei vert betre rusta til å stå imot mobbeåtferd
- Lære barna toleranse og respekt for ulikskapar
- Lære barna konflikthandtering
- Utvikle barna si evne innan språk- og kommunikasjon (dei som ikkje meistrar dette vil ofte bli haldne utanfor eller ekskludert)
- Stille krav til barna og vere tydeleg på kva som er forventa av dei
- Støtte barna i etablering av venskap og utvikling av leikekompetanse
- La barna medverke, slik at dei vert aktørar i utarbeiding av grenser, reglar, tiltak og evaluering. Då gjeld det å snakke *med* barna, ikkje *til* barna
- Vere ein «guide» i utfordrande relasjonar og situasjonar. Korrigere og regulere sosiale interaksjonar slik at barna kjem på rett spor
- Vere årvakne og «nærverande» i alle situasjonar, også i frileiken (dette betyr ikkje at den vaksne alltid må vere aktivt deltakande)
- Nytte observasjon som metode
- Reflektere over eigen praksis. (Det skadar ikkje å «røske» opp i inngrodde forståingar og tolkingar av andre!)
- Lære å tolke barn sine handlingar, og forstå åtferda som noko meir enn eit individuelt problem
- Ha ei tydeleg og varm vaksenleing som skaper eit trygt handlingsrom for barna
- Ha ein anerkjennande veremåte. Ikkje glatte over, bagatellisere eller ignorere, men ta barna sine opplevingar på alvor
- Vite kva krefter som bidreg til mobbeåtferd. Ta eit vidare perspektiv der utanforliggande årsaker som barnehagen sitt miljø, relasjonar og heimesituasjonen er sentrale faktorar for å forstå barnet si åtferd
- I større grad fokusere på barnet sine ressursar framfor manglar (positiv forsterking)
- Auke foreldra sin kompetanse når det gjeld mobbeåtferd



Dersom ein vaksen i barnehagen har mistanke om at eit barn vert utsett for mobbing eller andre krenkingar, har han plikt til å undersøkje dette nærare!



BARNEHAGANE SKAL AVDEKKE MOBBEÅTFERD

Nærverande vaksne er sjølve kjernen i arbeidet med å avdekke mobbeåtferd i barnehagane. Det betyr blant anna at dei vaksne også skal delta i frileiken (deltakande eller observerande), og at dei skal vere tilgjengelege på golvet blant barna på avdelinga. Barn reagerer svært ulikt på mobbeåtferd, og det er difor ikkje alltid like lett å oppdage. Nokre blir utagerande og kjempar tilbake. Andre blir passive, trekker seg tilbake, underkastar seg og aksepterer stillteiane mobbinga. Enkelte barn er faktisk ikkje klar over at dei vert mobba(!), fordi dei enno ikkje har opplevd fordelane med å vere ein del av ei sosial gruppe. Dette er sjølvforsterkande ettersom dei ikkje får utvikle sin leikekompetanse.

Mobbeåtferd kan ikkje avdekkast med mindre dei vaksne er tett på og sensitive nok til å fange opp signal og situasjonar med mobbeåtferd. Dei tilsette i barnehagane skal ikkje berre ha evne til observasjon, men også kunnskap om observasjon slik at dei veit kva dei skal sjå etter.

Dette inneber at dei tilsette ved barnehagane i Sykkylven skal:

- Ha kunnskap og innsikt i gruppeprosessar
- Ha kompetanse til å kunne identifisere mobbesituasjonar gjennom observasjon og kompetente blikk
- Samtale med barnet om kva som kjennest vondt eller vanskeleg i barnehagen
- Møte barnet på ein ikkje-dømande måte. Det fins ikkje rett og feil svar når vi snakkar om kjensler. Det er alltid barnet si subjektive oppleving som skal leggest til grunn
- Ta barnet sitt perspektiv, bekrefte opplevinga til barnet utan å bagatellisere, «glatte over» eller gi beskjed om at «dette må du tole». Å bagatellisere det som eit barn opplever kan i seg sjølv vere ei krenking
- Hjelpe barna slik at dei får eit «språk» til å kunne formidle det dei opplever som vondt og vanskeleg. Nokre barn har eit språk for kjensler, andre har det ikkje
- Ha møtepunkt der enkelteepisodar kan drøftast
- Ha kunnskap om dei viktigaste risikofaktorane både for å bli utsett for mobbeåtferd og for å utføre mobbeåtferd. Fagkunnskap om mobbing er ein sentral føresetnad for å lukkast
- Samarbeide med kollegaer (kollektivt ansvar)

BARNEHAGANE SKAL STOPPE OG FØLGJE OPP MOBBEÅTFERD

Når mobbeåtferd vert avdekka skal det leggst like stor vekt på å hjelpe dei som utfører den krenkande handlinga som den som vert utsett for handlinga. Mobbeåtferd har underliggende årsaker og difor er omsorg til alle partar er eit viktig prinsipp.

«Personalet skal førebyggje, stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelmønster» (Rammeplanen)

Dei tilsette ved barnehagane i Sykkylven skal:

- Gripe aktivt inn i situasjonen dersom ein oppdagar mobbeåtferd
- Lytte og la barna fortelje si utgåve av kva som har skjedd
- Gi spesiell oppfølging til dei barna som gjentekne gongar vert haldne utanfor i leiken eller vert utsett for andre krenkingar
- Setje i verk tiltak og ivareta behova også for dei barna som har utført negative handlingar. Det er avgjerande å etablere eit tillitsforhold, anerkjenne barna, og vere klar på at det er *handlingane* som ikkje er akseptert
- Forsøke å forstå motiva og dei bakanforliggende årsakene til krenkande åtferd
- Informere/varsle ein overordna ved mistanke om mobbeåtferd
- Snarast undersøke saka og varsle leiinga (ped.leiar/styrar) dersom ein får kjennskap til at eit barn gjentekne gongar vert utsett for krenkande ord eller handlingar. Det er ikkje eit mål å løyse slike saker på lavast mulig nivå

Pedagogisk leiar/styrar ved barnehagane i Sykkylven skal:

- Alltid varsle og informere foreldra når mobbeåtferd er avdekka. Dette gjeld både foreldra til det barnet som har blitt utsett krenkande handlingar og foreldra til det barnet som har utført handlingane. Graden av alvor avgjer korleis denne informasjonen vert gitt, om det til dømes er naudsynt å kalle inn til eige møte eller ikkje
- Samarbeide med foreldra om vidare tiltak. Det er viktig å ikkje fordele skuld!
- Vurdere å søkje hjelp og rettleiing hos andre instansar, til dømes PPT og helsestasjon, dersom saka er av alvorleg karakter. Eit slikt samarbeid kan klargjere saka, skape større forståing og heve kompetansebygginga
- Samarbeide med instansar utanfor barnehagen (til dømes BUP) dersom mobbinga har resultert i at barnet treng terapeutisk oppfølging
- Setje inn tiltak for å gjenopprette eit godt psykososialt miljø. Både individtiltak og systemtiltak

BARNEHAGANE SKAL EVALUERE SITT ARBEID MOT MOBBEÅTFERD

Ein barnehage som ønskjer å vere i utvikling må alltid evaluere sitt arbeid for å sjå om tiltaka har hatt den verknaden som var tilsikta. Evalueringa er sjølve drivkrafta bak gode endringsprosessar, noko som er heilt naudsynt der mobbeåtferd skjer. Dette inneber også at dei tilsette må vere opne og rause for andre sine synspunkt. Dei tilsette skal oppmuntre til og setje pris på andre sine motargument. Dette kan resultere i at refleksjonen/evalueringa nokre gongar fører til ubehagelege realitetsoppdateringar for enkelte tilsette. Slike utfordringar er naudsynte for at endring kan skje, og for at

nye tankar og idèar veks fram. Dette kan følast spesielt vanskeleg i høve mobbeproblematikken, der dei vaksne faktisk kan vere ein medverkande faktor til å oppretthalde negative handlingsmønster. Alle har ansvar for barnehagen sitt psykososiale miljø.

Barnehagane i Sykkylven skal stille seg sjølv følgjande spørsmål:

- Kva er det som fungerer godt her i denne barnehagen?
- Kva skal til for at vi kan gjere endå meir av dette?
- Kva er det som ikkje fungerer så godt i vår barnehage?
- Kva skal til for at endring kan skje?

Innsatsen for å skape eit inkluderande miljø med gode samhandlingsmønster er eit arbeid som krev kontinuerleg innsats av alle over tid. Styraren har ei sentral rolle som leiari av prosessen.


SAMARBEID MED FORELDRE/FØRESETTE

Det psykososiale miljøet er ikkje isolert til barnehagen og den tida barnet oppheld der. Ein viktig arena i arbeidet med å førebygge mobbeåtferd er korleis desse vanskanene vert forstått og handtert i heimen. Difor er dialog og samarbeid med foreldra ein berebjelke i arbeidet mot mobbeåtferd og krenkande handlingar. Foreldra må få kjennskap til dei definisjonane som gjeld, kva som kjenneteiknar mekanismane i mobbeaktivitet, og kva barnehagen gjer for å motarbeide negative handlingsmønster. Ein må forsøke å bygge opp ei felles forståing om arbeidet mot mobbeåtferd i barnehagen, slik at foreldra kan bruke denne kompetansen på heimearenaen, og såleis forsterke førebygginga.

Som profesjonell part er det barnehagen som har hovudansvaret for å legge til rette for eit samarbeid. Den enkelte barnehage kan ikkje velje om dei vil samarbeide med foreldra. Dei *skal* i fylgje barnehagelova. Foreldre til barn som er utsett for mobbeåtferd, eller foreldre til det barnet som krenkar, er svært sårbare i samarbeid. Det er vondt at vite barnet ditt ikkje får leike saman med andre barn. Likeeins er det vanskeleg å erkjenne at ein har eit barn som utset andre barn for negative handlingar. For å oppnå eit samarbeid er det svært viktig at barnehagen tek foreldra på alvor, og anerkjenner deira oppleving av situasjonen, uansett kva dei måtte uttrykke. Eit godt utgangspunkt er å ikkje legge skulda på enkeltbarn, men forstå mobbeåtferd som sosiale prosessar på avvegar. Grunnhaldninga skal vere at ingen barn skal gjerast til syndebukkar. Pedagogiske leiarar bør få opplæring i korleis «den vanskelege samtalen» best skal handterast. Det er delte meiningar om barna si rolle i slike samtalar, om og når dei skal delta. Det aller viktigaste er at deira stemme også kjem fram, i ei eller anna form.


Når saker relatert til mobbeåtferd oppstår, kan det vere aktuelt å rettleie foreldra. Men det er viktig å ha ein open dialog der personalet grunngjev og forklarar kva dei gjer, og på kva slags måte dei gjer det. Det er barnehagen si plikt å ta seg av dette, men samtidig må ein understreke foreldra sitt ansvar for å følgje opp og støtte arbeidet.

Personalet må i praksis vise at dei ser foreldra som ein ressurs, og at deira bidrag er viktig for at barna skal trivast. Gode relasjonar mellom foreldre og tilsette gjer det enklare og tryggare å ta opp eventuelle problem. Mobbeåtferd og krenkande handlingar skal ha ein naturleg plass som tema på foreldremøte. Barnehagen må informere om kor avgjerande det er at foreldra tek kontakt omgåande dersom dei er bekymra for sitt barn. Og likeeins at barnehagen skal vere rask til å informere foreldra. Barnehagen pliktar å gjere alle foreldre/føresette kjend med «Handlingsplan mot mobbeåtferd i barnehagane».



AVSLUTNING

Den voksne spelar ei viktig rolle når det gjeld kor vidt mobbeåtferd får utvikle seg og eskalere i barnegruppa, eller om det vert stoppa. Dei tilsette i barnehagane i Sykkylven skal førebygge mobbing før det startar, gripe inn dersom det oppstår, og følgje opp på ein måte som hindrar at det fortset. Dersom dei voksne ikkje grip inn, kan mobbeåtferd etablere seg som eit vedvarande mønster over tid, ikkje berre i barnehagen, men også inn i skule- og ungdomsalder. Haldningane til personalet er avgjerande. Dei tilsette i barnehagane skal:



Arbeidet mot mobbeåtferd og krenkande handlingar i barnehagen krev eit kontinuerleg og langsiktig utviklingsarbeid. Tid til felles refleksjon over eigen og barnehagens praksis er viktig for stadig å kunne auke kvaliteten på arbeidet. Styraren har ansvar for å skape ein organisasjonskultur som er open nok til at personalet kan gi kvarandre konstruktive tilbakemeldingar som grunnlag for utvikling og eventuell endring av praksis.

Arbeidet med *kulturen* handlar mellom anna om verdiane, haldningane, normene og praksisen ved den enkelte barnehage. Dette fastset rammene for kva som er akseptert og ikkje. Det handlar om å jobbe med organisasjonskulturen og alle tilsette må involverast. Ei kollektiv orientering for eit best mulig miljø i barnehagen betyr også at ein må jobbe med relasjonane og samarbeidet mellom dei

tilsette. Dersom dei profesjonelle vaksne ikkje er gode rollemodellar, og samarbeidet er prega av konflikhtar, så påverkar dette også barna negativt. Mobbeåtferd og krenkande åtferd skal jamleg vere tema på drøftingsmøte, avdelingsmøte og personalmøte. Alle tilsette i barnehagen skal ha lest gjennom denne handlingsplanen, slik at den kan nyttast som eit arbeidsverktøy.

Dei siste åra har kunnskapen om mobbeåtferd i barnehagane auka betydeleg. Vi veit meir om kven som er involvert, kvar og når og kvifor mobbeåtferd skjer, under kva forhold det kan eskalere osv. Denne kunnskapen skal nyttast når barnehagane i Sykkylven utviklar nyttige strategiar i arbeidet mot krenkande åtferd.

Det handlar om å ha ei grunnleggande kjensle av å vere elska for den ein er, ikkje for den ein burde ha vore (Ingrid Lund, forskar/spesialpedagog)

REFERANSELISTE:

Idsøe, E.C. & Roland, P. (2017). *Mobbeåtferd i barnehagen. Temaforståelse-forebygging-tiltak*. Oslo: Cappelen Damm forlag.

Helgesen, M.B. (red.) (2014). *Mobbing i barnehagen. Et sosialt fenomen*. Oslo: Universitetsforlaget.

Lund, I. & Helgeland, A. (2016). *Mobbing i barnehagen. Anerkjennelse som forebygging*. Oslo: Pedlex

Lund, I. (2014). «De er jo bare barn» *Om barnehagebarn og mobbing* Oslo: Pedlex

Lund, I. (red.), Godtfredsen, M., Helgeland, A., Nome, D.Ø., Kovac, B.V. (forskningsrapport 2015). *Hele barnet, hele løpet ; Mobbing i barnehagen*

Kunnskapsdepartementet. (2005, sist revidert 2018). *Lov om barnehagar (barnehageloven)*

Kunnskapsdepartementet. (2017). *Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver (rammeplanen)*.

Utdanningsdirektoratet. (2016). *Barn sin trivsel – vaksne sitt ansvar. Forebyggjande arbeid mot mobbing startar i barnehagen*.

Utdanningsdirektoratet. (2017). *Grunnlagsdokument for arbeidet med barnehagemiljø, skolemiljø, mobbing og andre krenkelser*.

Utdanningsdirektoratet. (2018). *Mobbing* (temasider på www.udir.no).

Læringsmiljøsenteret. (2018). *Mobbing* (temasider på www.laringsmiljosenteret.uis.no/barnehage)

Foreldreutvalget for barnehager/FUB (2014). *Mobbing i barnehagen*

Øksendal, E. (2016). *Sjanseløs mot mobbing uten kompetente vaksne*. (artikkel i StatpedMagasinet).

Pettersen, J.R. (2017). *Kunsten å møte mobbing*. (artikkel i Barnehagefolk).

MOBBEÅTFERD I BARNEHAGEN - FORPLIKTANDE TILTAKSPLAN

NAMN PÅ BARNEHAGEN:

TILTAK	ANSVAR	GJENNOMFØRING (signatur og dato)
Den som har observert mobbe- åtferda informerer pedagogisk leiar/styrrar straks. Saka skal takast opp på avdelingsleiar møte med konkrete skildringar av den vaksne si tolking av situasjonen. Bli samde om tiltak vidare.	Den som observerer Alle	
Samtale med dei involverte barna, eventuelt alle dersom det synast føremålstenleg. Barna kjem med forslag til tiltak. Samanfatt barna sine forslag med det som personalet har kome fram til	Den/dei tilsette som står barnet/barna nærast	
Foreldra til den/dei som vert mobba og den/dei som mobbar vert informert og tekne med på råd (situasjonsavhengig)	Pedagogisk leiar/styrrar	
Evaluering av tiltaka som er sett i verk etter samtalar og observasjon av barna. Same dag, dagen etter og tett oppfølging første veka. Deretter oppfølging ved behov i barnegruppa	Dei tilsette som står barna nærast	
Evaluering på avdelingsmøte etter 1-2 veker. Drøfte eventuelt nye/endra tiltak	Pedagogisk leiar/styrrar/øvrige tilsette	
Nye samtalar med foreldre/barn etter behov	Pedagogisk leiar/styrrar	
Stadige evalueringar til saka er løyst	Pedagogisk leiar/styrrar/øvrige tilsette/foreldre/barn	

(Mal henta frå «De er jo bare barn – om barnehagebarn og mobbing» av Ingrid Lund)

MOBBEÅTFERD I BARNEHAGEN – REFERAT FRÅ MØTE

(Denne skal ligge i barna si mappe, med kopi til foreldre/føresette)

MØTEDATO: ÅR:

DELTAKARAR PÅ MØTET:

.....
.....
.....
.....

KVA SAKA GJELD (skildring av det som har skjedd, involverte)	TILTAK SOM SKAL SETJAST I VERK	ANSVAR

Dato for neste oppfølgingsmøte er sett til:

Stad/dato:

Underskrift tilsett (ped.leiar):

Underskrift styrar:

Underskrift forelder/føresett:

Underskrift forelder/føresett:

(Mal henta frå «De er jo bare barn – om barnehagebarn og mobbing» av Ingrid Lund)

MOBBEÅTFERD I BARNEHAGEN – SJEKKLISTE FOR FORHOLDET MELLOM BARN/VAKSNE

(Denne sjekklista kan inngå i årshjulet til bhg som ein del av dei faste prosedyrane to gongar i året)

SPØRSMÅL	JA-alltid	JA-ofte	NEI-sjeldan	NEI-aldri
Er dei vaksne i vår barnehage anerkjennande og støttande i forhold til barn sine initiativ?				
Blir alle barna lagt merke til i like stor grad, uavhengig av åtferd?				
Får nokre barn stadig positiv merksemd frå oss vaksne – meir enn andre barn) (Ta alle barna med i vurderinga)				
Kan ein sjå at det har blitt eit «mønster» i at dei vaksne har lettare for å tru på nokre barn si forklaring på konflikhtar, framfor andre barn i gruppa?				
Er det nokre barn i gruppa som vi vaksne tek meir kontakt med, og finn på fleire aktivitetar med, enn andre barn i gruppa? (Namn, følg opp)				
Er det nokre barn i gruppa som vi vaksne tek lite kontakt med, og sjeldan tek initiativ til aktivitetar med? (Namn, følg opp)				
Har vi vaksne større tålmod med enkelt barn i gruppa enn andre, når det gjeld å følgje dei opp/hjelpe dei? (Namn, følg opp)				
Blir nokre barn raskare avbrotne/avvist av oss vaksne enn andre, når dei tek kontakt med oss? (Namn, følg opp)				
Klarar vi å involvere alle barna i fellesskapet, tøl dømes i praten rundt bordet ved måltid? (Namn, følg opp)				

(Mal henta frå «De er jo bare barn – om barnehagebarn og mobbing» av Ingrid Lund)

SJEKKLISTE – PSYKOSOSIALT MILJØ I BARNEHAGEN

(Denne sjekklista kan inngå i årshjulet til bhg som ein del av dei faste prosedyrane to gongar i året)

SPØRSMÅL	JA-alltid	JA-oftast	NEI-sjeldan	NEI-aldri
Er miljøet i vår barnehage prega av gjensidig omsorg, anerkjenning, varme og respekt?				
Er samspelet mellom barna prega av likeverd og veksling av kven som bestemmer og kven som til ei kvar tid får vere med/bli inkludert?				
Er det ein trygg og avslappa tone, prega av humor, spontanitet, oppmuntring og glede?				

(Mal henta frå «*De er jo bare barn – om barnehagebarn og mobbing*» av Ingrid Lund)